



Kommunane Norddal, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ørskog, Skodje, Ålesund, Sula, Hareid, Ørsta

Til eigar av bustad / fritidsbustad i evakueringssona for fjellskred

## Informasjon om fjellskredberedskap og evakueringssoner

**Kommunane sender ut dette brevet fordi vi er i gang med å revidere alt planverk knytt til fjellskredberedskap, og vi ønskjer å informere alle som ligg innafor evakueringssona. Det vil seie at de vil få varsel om å evakuere dersom situasjonen krev det. Har de leigetakarar, har de som huseigar ansvar for å informere dei.**

Som de sikkert er kjent med har vi fjell som er under overvaking i vårt område/ Storfjordområdet: Åkneset i Stranda kommune. Eit skred her vil i varierende grad gje konsekvensar for alle som bur, arbeider og oppheld seg innanfor evakueringssona.

Ein opererer med to omgrep i samanheng med konsekvensar av eit fjellskred:

### Oppskyllingssone / faresone

Det er gjort berekningar som viser kor høgt ei bølge vil kunne gå i dei berørte områda. Dette vert kalla faresonen, og vert brukt i samband med arealplanlegging og utbygging. NGI har gjort flodbølgesimuleringar, og det er utarbeidd fleire rapportar som dokumenterer dette. Desse finn de på <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Fjellskred/>. Her ligg også mykje anna relevant informasjon om emnet. I tillegg vil de finne aktuell informasjon på kommunane og politiet sine nettsider.

### Evakueringssoner

Politiet har ansvar for evakuering og fastset evakueringssonene. Dei har brukt faresonene og lagt til ein sikkerheitsmargin, og dette utgjer då evakueringssonene. Dei har hatt ein grundig gjennomgang saman med kommunane og fylkesmannen før dei nye evakueringssonene er fastsett. Oppskyllingshøgdenes/ faresonene er dei same som tidlegare, men det er no lagt inn ein høgare sikkerheitsmargin på evakuering for å vere på den sikre sida. Dette er gjort med bakgrunn i nasjonale føringar, og standardar som vert nytta i beredskapssamanheng.

De finn detaljert oversikt på kart ved å gå inn på <http://www.gislink.no/Kart/index.html?Viewer=beredskap>. Trykk på pila ved sida av «Jeg ønsker å». Då kan de huke av kva skredobjekt de ønskjer å sjå nærare på. Her finn de både faresone og evakueringssoner for fjellskredscenarioa. Vedlagt ligg kart som syner faresone (blått) og evakueringssoner (raudt) for ditt område.



Aukar rørsle i fjellet unormalt, vil ein auke beredskapen, og informere om dette. Ein vil legge stor vekt på informasjon undervegs, og NVE som står for overvakinga vil heile tida orientere om utviklinga.

Massemedia og aktørane sine nettsider vil vere hovudkanal for formidling om rørsle i fjellet aukar utover normalen. Når ein kjem til ekstrem fare, og politiet vedtek evakuering, vil eit eige varslingsystem som når ut til innbyggjarar og verksemder bli sett i verk.

**Dykkar bustad ligg altså innafor evakueringssona. Det vil seie at de vil få varsel om å evakuere dersom situasjonen krev det. Har de leigetakarar, har de ansvar for å informere dei.**

Kvar einskild er ansvarleg for å sikre sine verdiar så langt det går, og det er viktig å ha forsikringar i orden. Om du er usikker på kva di forsikring dekker om det går eit skred, rår vi deg til å kontakte forsikringsselskapet ditt. Det er viktig å ha tenkt gjennom kva de vil gjere om dette skulle bli ein realitet. I Norge har vi ei god naturskadeordning gjennom brannforsikringa. De kan lese meir om denne ordninga på [www.naturskade.no](http://www.naturskade.no). I tillegg kan det bli skader som skal dekkast over den statlege naturskadeordninga (denne ordninga dekker naturskade på ting som det ikkje er muleg å teikne ei alminneleg brannforsikring på, t.d. vegar, bruer og moloar), sjå meir informasjon på <https://www.slf.dep.no/no/erstatning/naturskade>.

Samstundes vil vi presisere at det er ingenting som tyder på at ein slik situasjon vil oppstå med det første. Fjellpartiet er stabilt, og oppfører seg normalt. Vi sender ut denne informasjonen fordi vi er i gang med å revidere alt planverk knytt til fjellskredberedskap. Då meiner vi det er ryddig å orientere om konsekvensar også for bustadar og fritidsbustader. Kommunen må tenke gjennom situasjonen for sine verksemder, og næringslivet og andre må sjå på moglege konsekvensar for sine anlegg. Som lokalsamfunn blir vi meir robuste når vi saman tenkjer gjennom situasjonen.

Vi bor i eit svært trygt område der vi blir passa på døgnet rundt av den beste fagkompetansen som finst på dette fagfeltet. Vi veit at overvakinga og varslinga fungerer. Vi vil truleg ha god tid til å detaljplanlegge den dagen rørsle aukar. Vi veit at det er eit stort apparat som då vil bli sett i verk for å ivareta situasjonen på best muleg måte.

Helsing

Odd Jostein Drotninghaug  
ordførar i Sykkylven kommune